

Chlamydia trachomatis (PCR)

Analysemetode

artus CT/NG QS-RGQ Kit CE.

Same prøvemateriale kan også nyttast til samstundes påvising av gonokokkar, sjå lenke.

Indikasjon

[Folkehelseinstituttet tilrår testing for Chlamydia i følgjande situasjonar:](#)

- ved symptom og epidemiologiske indikasjonar (smitteoppsporing)
- ved abort
- for personar under 25 år ved
 - partnerbyte
 - graviditet
 - før spiralinnsetting
- for menn som har sex med menn som praktiserer analsex
- for barn ved konjunktivitt som oppstår 2-6 veker etter fødsel

Prøvetaking

Menn: Urinprøve (førsteporsjon). Uretraprøve dersom vannlating er vanskeleg.

Kvinner: Vaginalprøve er eit godt alternativ for kvinner utan symptom. Kvinner med symptom bør oftast undersøkast gynekologisk for å vurdere andre årsaker til plagene, og prøve frå cervix evt. med tillegg av uretraprøve er adekvat materiale.

Cervixprøvar:

Før penselen inn i endocervix, heilt til den fremste delen ikkje lenger er synleg. Roter 10-15 sekund. Rett etter prøvetaking førast penselen opp i transportmediet. Knekk av ved indikert knekkpunkt på penselen. Set på korken, og merk prøva.

Vaginalprøvar:


Penselen i prøvetakingspakken førast 3-4 cm inn i skjeden og roterast minst 3 gonger. Elles som omtala for cervixprøvar. Dette kan evt. utførast av pasienten sjølv på følgjande måte:

- Stå med eine foten på en stol/klosettlokket.
- Stikk penselen 3-4 cm inn i skjeden og roter penselen minst 3 gonger.
- Set penselen opp i prøveglaset.

Urinprøvar: 20 - 30 ml av første urinporsjon i ein prøvebeholdar - IKKJE midtstråleprøve. 2 ml overførast deretter til eNAT prøvetakingsrør. Set på kort og merk prøva.

Uretraprøvar: Unngå urinering 1 time før prøvetaking. Nytt gjerne utstyr med tynn pensel til denne prøvetakinga. Før penselen 2-4 cm inn i uretra hos menn (kortare hos kvinner). Roter i 3-5 sekund.

Prøvetakingsutstyr



eNAT 1 ml prøvetakingsutstyr (1 ml UTM kit kan også nyttast for sekret).

Oppbevaring før transport:

Kjøleskap.

Haldbarheit:

4 veker i eNAT transportmedium.

Vurdering i laboratoriet

Eventuell kontrollprøve bør ikkje takast før seks veker etter behandling, då metoden kan påvise nukleinsyre frå døde bakteriar.

Forventa analysetid

Chlamydia trachomatis PCR vert utført to gonger i veka.

Feilkjelder

- Urinprøvar med feil prøveglas kan gi falskt negative resultat.
- Bruk av utgått transportmedium vil kunne redusere sensitiviteten og evt gi falskt negativt resultat.
- Chlamydia trachomatis DNA kan påvisast inntil 6 veker etter vellukka behandling.

Dersom ikkje mucus vert tørka av cervixopninga før prøvetaking, er det større sjanse for at det kjem hemmarer i prøvematerialet slik at undersøkinga blir inkonklusiv.

Chlamydia trachomatis DNA kan påvisast inntil 6 veker etter vellukka behandling.

Utførast av

Molekylærbiologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

16.09.18 Reidar Hjetland